



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 30

(2004–2005)

Om lov om endringar i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 10. desember 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinhaldet i proposisjonen

Kultur- og kyrkjedepartementet legg med dette fram forslag til lov om endringar i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke §§ 23, 24 og 36. Forslaget går ut på følgjande:

- Oslo bispedømeråd blir utvida med ein representant frå døvekyrkjelydane, jf. forslag til endringar i § 23 første og andre ledd.
- Kyrkjemøtet får mynde til å godkjenne forsøk med valkyrkjelydar som sjølv finansierer verksamda si, jf. forslag til § 24 nytt sjette ledd.
- Kyrkjemøtet får mynde til å godkjenne forsøk med senka aldersgrense for røysterett ved kyrkjelag val, forsøk med å halde val til kyrkjelag organ annakvart år og forsøk med direkte val til kyrkjelag fellesråd og bispedømeråd, jf. forslag til § 24 nytt sjuande ledd.
- Høvet til å leggje konfirmasjonsopplæring til skolen si tid blir stramma inn ved at det blir lovfesta krav om særlege grunnar og ved at mynde til å ta endeleg avgjerd blir lagt til kommunen, jf. forslag til endringar i § 36.

2 Representasjon frå døve i Oslo bispedømeråd

2.1 Bakgrunnen for forslaget

I 2003 gjekk Kyrkjemøtet (sak 13/03) inn for at døvekyrkjelydane burde få ein representant i Oslo bispedømeråd. Etter § 4 i forskrift 17. april 1998 om ordninga for døvekyrkjelydar og døveprestteneste, fastsett med heimel i kyrkjelova § 2 tredje ledd og Grunnlova § 16, ligg det til Oslo bispedømeråd mellom anna å tilsetje prestar som gjer teneste i døvedistrikta.

2.2 Gjeldande rett

Kyrkjelova § 23 første ledd fastset at bispedømerådet har desse medlemene: biskopen, ein prest vald av prestane i bispedømet, ein lek kyrkjelag tilsett vald av dei leke kyrkjelag tilsette i bispedømet og fire andre leke som er valde av soknerådsmedlemene i bispedømet. I tillegg er det ein nordsamisk representant i Nord-Hålogaland bispedømeråd, ein lulesamisk representant i Sør-Hålogaland bispedømeråd og ein sørsamisk representant i Nidaros bispedømeråd.

2.3 Departementet si vurdering

Etter gjeldande ordning har Oslo bispedømeråd mynde til å gjere vedtak som gjeld døvekyrkjelydane i alle dei fire døvedistrikta. Desse kyrkjelydane står også under tilsyn av Oslo biskop. Departementet finn det derfor naturleg at døvekyrkjelydane får ein representant i Oslo bispedømeråd, og foreslår lovenendring i samsvar med dette. Når det gjeld nærmare reglar om valet, kven som kan røyste og kven som kan veljast, foreslår departementet å gi Kyrkjemøtet mynde til å fastsetje dette.

3 Forsøksverksemد

3.1 Bakgrunnen for forslaga

I 2003 uttalte Kyrkjemøtet ønske om større rom for forsøksverksemد som kan gi erfaringar og impulsa i arbeidet med å utvikle kyrkleordninga. I samsvar med dette har Kyrkerådet bedt departementet om at det blir lagt til rette for forsøk som kan skape større engasjement og interesse for dei kyrkelege vala. I den samanheng er det aktuelt med forsøk der ungdom ned til 15 år får kyrkjeleg røysterett. Kyrkjemøtet har også bedt om høve til forsøk med å ha val på halvdelen av soknerådsmedlemene annkvart år for å sikre kontinuiteten i råda. Vidare er det aktuelt å ha forsøk med direkte val til kyrkjeleg fellesråd og bispedømeråd. I brev 24. februar 2004 til departementet har Kyrkerådet gjort nærmere greie for forslaga. Vidare har Kyrkerådet i brev 24. september 2004 bedt om heimel for forsøk med kyrkjelydar som ikkje utgjer geografisk avgrensa sokn.

3.2 Gjeldande forsøksheimel

Ved lovendring 15. juni 2001, jf. Innst. O. nr. 97 (2000–2001) og Ot.prp. nr. 90 (2000–2001), fekk kyrkjelova § 5 eit nytt fjerde ledd som gir heimel for at departementet kan godkjenne forsøk som avvik frå reglane i kyrkjelova om organisering av organa i soknet, oppgåvefordelinga mellom desse og samansetnaden av dei. Regelen lyder slik:

«For å fremme hensiktmessige organisasjonsformer og en hensiktmessig oppgåvefordeling i og mellom soknene, kan departementet godkjenne forsøk som avviker fra denne lovs bestemmelser om organiseringen av soknets organer, oppgåvefordelingen mellom disse og deres sammensetning. Departementet kan gi nærmere retningslinjer for forsøk etter denne bestemmelse.»

Denne forsøksheimelen er for snever til å kunne omfatte dei forsøka som no er aktuelle.

3.3 Forsøk med senka røysterettsalder, endra valperiode og direkte val

I brev 24. februar 2004 til departementet skriv Kyrkerådet mellom anna dette:

«Stemmerett og valgbarhet for personer som har fylt 15 år i valgåret

Et spørsmål som Kirkemøtet var opptatt av i forbindelse med menighetsrådvalget 2005 (KM 6/04), var muligheten for å gi ungdom stemmerett og evt. valgbarhet. Kirkemøtets vedtak i pkt. 3 lyder:

«Kirkemøtet ber Kirkerådet ta initiativ overfor departementet med sikte på en endring i kirkeloven § 4 slik at ungdom som i det år det stemmes vil ha fylt 15 år får stemmerett fra og med menighetsrådsvalet 2005. Kirkemøtet ber også om at departementet vurderer muligheten for også å gjøre ungdom som har fylt 15 år i valgåret, valgbare.»

I innstillingen fra Kirkemøtekomiteen heter det bl.a.:

«Det er viktig å inkludere ungdom og ta dem på alvor. 15 år er den religiøse myndighetsalder og de er da konfirmerte. Det å få stemmerett kan være en motivasjonsfaktor også i forhold til trosopplæringsreformen. Stemmerett vil øke engasjementet blant unge for valget og vil kunne lette arbeidet med å rekruttere representanter under 30 år til å stille til valg. Komiteen kan ikke se noen vesentlige innvendinger mot at ungdom som har fylt 15 år skal få anledning til å stemme.»

Komiteen vil primært foreslå at det gjøres endringer i kirkeloven § 4 første ledd, slik at bestemmelsen vil lyde: «Hvert medlem av Den norske kirke som bor i soknet og som senest i det år det stemmes vil ha fylt 15 år ..., har kyrklig stemmerett», og at § 6 tredje ledd endres i samsvar med dette. Komiteen foreslår i denne omgang at stemmeretten kun gjøres gjeldende ved valg av menighetsråd og at dette dermed også vil medføre stemmerett i menighetsmøte, jf. kl. § 10. En slik bestemmelse vil kreve lovendring, men en slik lovendring anser komiteen vil være svært riktig og viktig og gi kirkens unge økt innflytelse i kirken.

Dersom det vil vise seg vanskelig å få til en slik endring, vil komiteen foreslå en prøveordning ved valget 2005. Komiteen antar at departementet kan gis myndighet til å godkjenne forsøk som avviker fra de aktuelle bestemmelserne.»

Kirkemøtets hovedanliggende var å gi ungdom stemmerett i forbindelse med menighetsrådsvalg. Kirkemøtekomiteen foreslo dette som en permanent ordning, men pekte også på at en slik ordning ev. kunne gjennomføres som forsøk/prøveordning.

Kirkemøtet drøftet ikke om en endring av stemmerettsalderen også burde få konsekvenser for de øvrige valg i kirken, dvs. en generell senkning av stemmerettsalderen. Erfaringer med at ungdom evt. vil få anledning til å stemme ved menighetsrådsvalget i 2005, vil imidlertid kunne gi nytte erfaringer når øvrige valg og valgordninger skal vurderes.

Kirkemøtet ba videre om at departementet vurderer om ungdom som har fylt 15 år i valgåret også bør kunne velges som medlemmer av menighetsrådet. Kirkerådet antar at valgbarhet bl.a. må vurderes i forhold til det rettslige og økonomiske ansvaret dette medfører for personer som ikke er myndige, for eksempel om 15-åringen kan velges inn i kirkelig fellesråd. Det ville likevel være ønskelig om en kunne finne ordninger/prøveordninger som åpner for at ungdom kan velges inn i menighetsrådet, selv om det kan være nødvendig med visse begrensninger. Kirkerådet vil også vise til at det i de senere år fra flere hold er kommet forslag å senke stemmerettsalderen ved kommunestyrevalg til 16 år, se for eksempel drøftelsen og forslagene i NOU 2001: 3 s. 102 flg.

Kirkerådet ber om at departementet vurderer forslagene med sikte på nødvendige endringer i kirkeloven. Etter Kirkerådets mening vil det være tvilsomt om stemmerett/valgbarhet kan gjennomføres som en prøveordning innenfor rammen av kl § 5, se også nedenfor om utvidet forsøkshjemmel.

Valgperiode

Kirkemøtet gikk videre inn for at de menigheter som ønsker det, kan gjennomføre valg hvert annet år på halvparten av medlemmene, jf. Kirkemøtets vedtak pkt. 2 b. Komiteen drøftet i sin innstilling bakgrunnen for ønsket om en slik ordning og pekte bl.a. på behovet for å legge til rette for en bedret kontinuitet.

Kirkerådet anser at Kirkemøtet kan fatte et slikt vedtak innenfor den myndighet Kirkemøtet har til å fastsette regler for valget, jf. kl § 6 første ledd. Ordningen vil imidlertid medføre at halvparten av medlemmene ved det første valget i 2005 kun skal velges for en periode på 2 år, hvilket avviker fra bestemmelsene i nevnte paragraf, der valgperioden er 4 år. Ved de senere valgene vil imidlertid valgperioden være 4 år.

Siden det er tale om en begrenset prøveordning, komiteen antyder en 6-årsperiode før ordningen blir evaluert, er det mulig at en dispen-

sasjon mht. valgperioden kan falle inn under forsøkshjemmelen i kl § 5. Dersom dette ikke anses som mulig, vil det være nødvendig med en endring i kirkeloven, som gir departementet hjemmel til å fravike bestemmelsene i kl § 6 første ledd. Kirkerådet ber departementet vurdere også dette.

Direkte valg til kirkelig fellesråd

Kirkemøtet drøftet ikke en slik ordning nærmere, selv om Kirkemøtekomiteen til en viss grad vurderte forslaget. Forslaget ble imidlertid drøftet i innstillingen fra Kirke/stat-utvalget. Flertallet gikk inn for direkte valg, bl.a. ut fra begrunnelsen om at dette ville stimulere interessen for valget og øke valgdeltakelsen. Ca 30 % av høringsinstansene sluttet seg til dette. Spørsmålet er også til behandling i Styringsgruppen for kirkelige reformer og er senest tatt opp i et fellesmøte mellom arbeidsutvalgene i KA og Kirkerådet.

På bakgrunn av dette anser Kirkerådet at det ville være ønskelig å få erfaringer med direkte valg til fellesrådet, og at slike erfaringer ville være nytte når fremtidige valgordninger skal vurderes. Kirkerådet ber derfor departementet vurdere om forsøkshjemmelen i kl § 5 vil være tilstrekkelig hjemmelsgrunnlag for en prøveordning i forhold til bestemmelsen i kl § 12 første ledd bokstav a. Dersom hjemmel for slik utprøving vil bli gitt, vil Kirkemøtet kunne ta stilling til om ordningen med direkte valg til fellesråd skal prøves ut i 2005, jf. også nedenfor vedr. valg til bispedømmeråd og utvidelse av forsøkshjemmelen.

Kirkerådet vil bidra med ytterligere informasjoner om opplegg for prøveordninger med slike direkte valg på bakgrunn av samtaler med KA.

Direkte valg til bispedømmeråd

Kirkemøtet ba videre «Kirkerådet utrede forslag til ulike valgordninger ved bispedømmerådsvalg, herunder direkte valg, med sikte på eventuelt å kunne gjennomføre forsøk ved første valg.»

Etter Kirkemøtets mening er det behov for en hjemmel som åpner for å prøve ut alternative valgordninger for gjennomføring av valget. Kirkemøtet åpnet for at Kirkerådet kan gjennomføre forsøk med ulike valgordninger innenfor den myndighet Kirkemøtet har fått, jf. ny bestemmelse i valgreglene § 8–2. Men etter Kirkemøtets mening er det behov for en videre forsøkshjemmel som kan danne grunnlag for mer omfattende forsøk. Det foreslås derfor at departementet får myndighet til å fravike de aktuelle bestemmelsene i kl § 23, bl.a. når det gjelder hvem som kan velge representanter til bispe-

dømmerådet og evt. sammensetningen av bispedømmerådet, jf. også nedenfor om utvidet forsøkshjemmel.

Kirkerådet i samarbeid med Styringsgruppen for kirkelig reformarbeid vil arbeide videre med valgordningene, og det er derfor ønskelig å få en forsøkshjemmel som åpner for utprøving av alternative valgordninger.»

Departementet si vurdering

Departementet ser det som positivt at Kyrkjemøtet og Kirkerådet er opptekne av forsøk som kan vere med på å skape større engasjement kring demokrati i kyrkja. Lågare røysteretsalder, større kontinuitet i sokneråda og direkte val til kyrkjeleg fellesråd og bispedømeråd kan etter departementet si vurdering vere viktige bidrag i så måte.

Når det gjeld forsøk med lågare røysteretsalder, vil departementet peike på at vi i Noreg reknar unge som religiøst myndige frå dei er 15 år. Det samsvarer godt med dette om unge også får rett til å røyste ved kyrkjeleg val frå det året dei fyller 15 år. Departementet finn det meir tvilsamt om personar under 18 år kan eller bør kunne veljast til lovfesta kyrkjelege organ som sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Før ein i tilfelle opnar for dette, må konsekvensane greiaast nærmare ut. Departementet legg difor til grunn at ein, i det minste inntil vidare, berre har forsøk med senka røysteretsalder, medan aldersgrensa for å kunne veljast framleis vil vere det året ein fyller 18 år.

Kyrkjemøtet 2003 gikk også inn for at kyrkjelydar som ønsker det, kan gjennomføre forsøk med val annakvart år på halvdelen av medlemene i soknerådet. Eit slikt forsøk vil ved starten av forsøket innebere at halvdelen av medlemene skal veljast for ein periode på berre to år. Ved avslutninga av forsøket vil det også måtte veljast medlemer for to år. Departementet reknar med at ei slik ordning vil kunne gi større kontinuitet i sokneråda og ser ingen avgjande grunnar for ikkje å opne for denne typen forsøk.

Om kyrkjelege organ skal veljast ved indirekte eller direkte val, er, og vil truleg også i framtida vere, eit spørsmål der meiningane står mot kvarandre. Før ein eventuelt gjer vesentlege endringar i kyrkjeordninga på dette området, må det vere ein fordel å ha hausta røynsler gjennom forsøk. Departementet tilrår difor at kyrkjeova opnar for å drive forsøk med direkte val til kyrkjeleg fellesråd og bispedømeråd.

3.4 Forsøk med valkyrkjelydar

Kyrkerådet har i brev 24. september 2004 til departementet bedt om heimel for forsøk med valkyrkjelydar. I brevet skriv Kyrkerådet mellom anna dette:

«Et hovedtema i reformarbeidet er kirkelig organisering. Målet er å finne fram til tjenlige organer/enheter i kirken og en hensiktsmessige ansvars- og oppgavefordeling mellom organene. Et av de aktuelle delspørsmålene under denne overskriften i hovedplanen er «enheter på tvers av den kirkelige inndelingen/soknestructuren» (kategorialmenigheter, valgmenigheter, løsning av soknebånd m.v.).

I den siste tida har Kirkerådet og styringsgruppa drøftet hvordan en skal forholde seg til de ulike «menighetslignende forsamlingene» som etablerer seg, i første rekke i byene. Også Bispmøtet har drøftet disse spørsmålene. Utviklingen av forskjellige former for menighetsfellesskap skjer dels innenfor eller i tilknytning til Den norske kirke, og dels blir fellesskapene etablert som mer frittstående enheter. Det er grunnlag for å si at den parochiale strukturen som enestruktur, utfordres fra flere kanter i dag.

En slik utvikling har mange sider, både teologisk, strategisk og juridisk. Kirkerådet har så langt drøftet saken på et forholdsvis prinsipielt plan og har på det nåværende tidspunktet ikke tatt stilling til konkrete saker. Samtalene i Kirkerådet har likevel lagt en hovedretning for det videre arbeidet: Det er viktig for Den norske kirke å møte menighetslignende forsamlinger på en åpen og konstruktiv måte, men det er samtidig avgjørende å stille tydelige krav. I en slik prosess mener Kirkerådet at det er behov for å innhente erfaringer gjennom forsøk med konkrete modeller for organisering av noen typer menigheter/fellesskap som ikke-geografiske sokn innenfor Den norske kirke. Etter Kirkerådets oppfatning, vil godt definerte forsøk, med tilhørende grundige evalueringer, være en tjenlig måte å arbeide på for å finne fram til gode og framtidsrettede løsninger på dette feltet.

I sak 27/04 ba Kirkerådet styringsgruppa «innhente erfaringer fra prosesser som pågår med sikte på å finne fram til aktuelle modeller og ordninger som kan gjøres til gjenstand for nærmere utprøving» (noen relevante dokumenter kan finnes på www.kirken.no/reformer). Kirkerådet vedtok i sak 53/04 å be sekretariatet «arbeide for en utvidet forsøkshjemmel slik at det kan drives forsøk med ikke-geografiske sokn».

Det er i dag et visst rettslig grunnlag for å etablere ikke-geografiske menigheter innenfor Den norske kirkes struktur i form av kategorialmenigheter, jf. kirkeloven § 2 siste ledd, men

det er neppe hjemmel for å etablere det som tradisjonelt har vært omtalt som «valgmenigheter». Slik Kirkerådet ser det, finnes det også noen andre bestemmelser som i alle fall berører problemstillinger som kan rubriseres under stikkordet «valgmenighet». Kongen (departementet) kan fastsette endringer i den kirkelige inndelingen, jf. kirkeloven § 2 andre ledd. Bispedømmerådet har fått delegert myndighet til blant annet å skille ut som sokn et distrikt hvor det er kirke, og til å slå sammen sokn. Sammenslåing av sokn kan i praksis føre til etablering av flere menigheter med ulike profil innenfor samme sokn, jf. for eksempel den gjennomførte sammenslåingen av soknene i Bergen sentrum. Løsning av soknebånd kan i realiteten også medføre noe av de samme virkningene som eventuell etablering av en valgmenighet, se kirkeloven § 4 andre ledd som gjelder stemmehett/valgbarhet. Kirkerådet ser at forsøksbestemmelsen i kirkeloven § 5 siste ledd neppe er tenkt å skulle åpne for forsøk med valgmenigheter, men intensjonen bak bestemmelsen er blant annet å åpne for lokale forsøk som kan bidra til å utvikle mer funksjonelle og effektive organisasjons- og driftsformer i og mellom sokn.

Kirkerådet vil også vise til at Bakkevig-utvalget i sin utredning peker på «det er eit aukande behov for fleksibilitet i organiseringa av det kyrkjelige arbeidet lokalt». Utvalget mener derfor at «ein bør utvide høvet til å høyre til eit anna sokn enn det den geografiske inndelinga tilseier, såkalla «soknebandsløsing»». Valgmenigheter omtales også av utvalget, og utvalget mener slike strukturer bør utredes nærmere. Videre sier utvalget at det «kan vere ei viss opning for å danne slike valkyrkjelydar, med det bør skje på bestemte vilkår».

På denne bakgrunnen ber Kirkerådet om at departementet legger til rette for at det kan gjennomføres forsøk med ikke-geografiske sokn.»

Departementet si vurdering

Det geografisk avgrensa soknet er grunneininga i Den norske kyrkja. Kyrkjelyden utgjer dei medlemmene av kyrkja som bur i soknet. At kyrkjelyd og sokn fell saman, har gjerne vore sett på som eit kjenneteikn på den opne og inkluderande folkekyrka. Kyrkjelova § 2 siste ledd gir heimel for å skipe kategorialkyrkjelydar på tvers av den geografiske grunnstrukturen, men så langt er det berre fastsett særskild ordning for døvekyrkjelydar. Denne ordninga går ut på at medlemskap i døvekyrkjelyden kjem i tillegg til medlemskapen i soknet der ein bur.

Spørsmålet om særskilde kyrkjelydar vart drøfta i Stortinget i 1996 under behandlinga av kyrkjelova. I Innst. O. nr. 46 (1995–96) uttalte komiteen:

«Komiteen sitt fleirtal, alle unntake representanten Christiansen, legg til grunn at hovudregelen som kyrkjelydena vår byggjer på, er og må vera at det er det geografiske avgrensa sokn som er grunneininga i kyrkja, jf. § 2 første ledd. Likevel bør det etter fleirtalet si meining i sær avgrensa omfang også verta åpna for opprettning av kategorialkyrkjelydar på tvers av den geografiske grunnstrukturen. Dette gjeld i særleg grad kyrkjelydar for døve der dette er ønskeleg og naudsynt, jf. framlegg til § 2 siste ledd. Fleirtalet meiner og dette kan gjelde andre typar kategorialkyrkjelydar, til dømes kyrkjelydar for ikkjenorsk-talande medlemmer av Den norske kyrkja. Ønsket om dette må imidlertid vegast opp mot hovudprinsippet om integrering i kyrkjelyden i det geografiske sokn. Fleirtalet vil i alle høve klart reservere seg mot at ei utviding av regelen i § 2 siste ledd, skal eller kan gi grunnlag for opprettning av valkyrkjelyd innan Den norske kyrkja etter mønster frå Danmark eller opprettning av slike kyrkjelydar innanfor Den norske kyrkja ut frå teologiske, kyrkjepolitiske eller andre grunnar.»

Med dette som bakgrunn treng ein etter departementet si vurdering ein klar heimel i lova for å kunne godkjenne forsøk med valkyrkjelydar. Etter tilråding frå Kyrkerådet finn departementet å kunne foresla ein slik heimel. Departementet vil likevel presisere at ein med dette ikkje har teke stilling til spørsmålet om kor tenleg ei ordning med valkyrkjelydar eller forsøk med dette vil vere. Departementet kan likevel ikkje sjå bort frå at forsøk av denne typen kan gi erfaringar som kan vere viktige å ta med seg i arbeidet med den vidare utviklinga av kyrkjelyden. Føresetnaden for å godkjenne forsøk av denne typen bør vere at valkyrkjelyden sjølv finansierar verksemda, og at det økonomiske ansvaret kommunane har etter kyrkjelova § 15, ikkje omfattar eventuelle valkyrkjelydar. Tilsvarande vil heller ikkje det lovfesta ansvaret kyrkjelyd fellesråd har etter kyrkjelova § 14, omfatte ein valkyrkjelyd. For ordens skuld vil departementet streke under at ingen skal kunne påleggjast medlemskap i ein valkyrkjelyd. Departementet foreslår at mynde til eventuelt å godkjenne slike forsøk blir lagt til Kyrkjemøtet, jf. forslag til nytt sjette ledd i kyrkjelova § 24.

4 Konfirmasjonsopplæring

4.1 Bakgrunnen for forslaget

Under behandlinga av Innst. S. nr. 200 (2002–2003), jf. St.meld. nr. 7 (2002–2003) *Trusopplæring i ei ny tid*. Om reform av dåpsopplæringa i Den

norske kyrkja vart det gjort følgjande vedtak: *Stortinget ber Regjeringen legge fram forslag om endring av § 36 i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke.*

Kyrkjelova § 36 handlar om konfirmasjonsopplæring og lyder slik:

«Vedkommende kirkelige myndighet og kommunen avgjør i fellesskap om konfirmasjonsopplæring skal legges til skolens tid og i tilfelle hvilke timer som skal nytties til opplæringen. Det kan anvendes to timer ukentlig dersom opplæringen varer et halvt skoleår og en time ukentlig dersom opplæringen varer lenger enn et halvt skoleår. Oppnås ikke enighet mellom vedkommende kirkelige myndighet og kommunen, treffes de her nevnte avgjørelser av biskopen sammen med statens utdanningsdirektør. Oppnås da ikke enighet, forelegger biskopen saken for departementet til avgjørelse.»

Behandlinga i Stortinget viste brei semje om at det prinsipielt sett ikkje er ønskeleg å leggje konfirmasjonsopplæring til skolen si tid, sidan dette kan føre til ei uheldig blanding mellom skolen og kyrkja sine roller i opplæringa. Samtidig vart det uttrykt bekymring for kva konsekvensar det ville ha for enkelte konfirmantar dersom høvet til å leggje konfirmasjonsopplæring til skolen si tid blir fjerna.

I brev 11. juli 2003 bad departementet biskopane om ei vurdering av erfaringane med kyrkjelova § 36. Tilbakemeldingane viste at dette sjeldan var ei sak som vart lagd fram for biskopen og utdanningsdirektøren til avgjerd på grunn av lokal usemje. Departementet har for sin del ikkje hatt slike saker til behandling dei seinare åra.

I brev 9. desember 2003 til bispedømeråda bad departementet om meir faktaopplysingar når det gjaldt bruken av heimelen i kyrkjelova § 36. Svara viser at konfirmasjonsopplæring i større eller mindre omfang er lagd til skolen si tid i om lag 100 kommunar. Den måten dette blir gjort på, varierer mykje frå stad til stad. Grunngivinga for å leggje konfirmasjonsopplæring til skolen si tid er spreidd busetnad, lange avstandar, behov for skoleskyss eller transport med båt, vanskelege kommunikasjonsforhold, ønske frå foreldra, få konfirmantar, omsynet til dei tilsette i kyrkja og omsynet til tilrettelagd opplæring for ungdom med særskilde behov.

4.2 Høyring

18. juni 2004 sende departementet til høyring dette forslaget til regel om konfirmasjonsopplæringa:

«Når særlige grunner tilsier det, kan kommunen samtykke i at konfirmasjonsopplæring skal

legges til skolens tid og i tilfelle hvilke timer som skal nytties til opplæringen. Det kan anvendes et timetall svarende til to timer ukentlig dersom opplæringen varer et halvt skoleår og en time ukentlig dersom opplæringen varer lenger enn et halvt skoleår.»

Utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Kyrkjerådet, Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon, IKO – kirkelig pedagogisk senter, Noregs Frikyrkjeråd og Human-Etisk Forbund har gitt høyringsfråsegner. Human-Etisk Forbund går imot forslaget. Dei andre høyringsinstansane står i hovudsak forslaget, eller dei har ingen merknader.

Kyrkjerådet peiker på at konfirmantsamlingane primært bør leggjast til kyrkjelyden sine miljø og lokale. Samtidig ser Kyrkjerådet at det finst «særskilde grunnar» til framleis å kunne nytte skolen si tid til konfirmasjonsopplæring, men berre som naudløysing.

Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon (KA) foreslår at kyrjeleg fellesråd skal vere den ansvarlege kyrjelege instansen når det gjeld å innhente samtykke frå kommunen, og at dette bør gå fram av regelet. Kyrkjerådet er ikkje samd i dette.

IKO – kirkelig pedagogisk senter peiker mellom anna på at det er naturleg at spørsmålet om konfirmasjonsopplæring i skolen si tid blir avgjort lokalt, på kommunalt nivå. IKO viser til at det i dansk skole er ei ordning med lokalt avgjerdsmynne i slike spørsmål.

Norges Frikirkeråd kan akseptere konfirmasjonsopplæring i skolen si tid som ein unntaksregel dersom særskilde grunnar taler for det og det blir fastsett nærmare retningslinjer.

Human-Etisk Forbund meiner at forslaget er med på å gjøre skiljet mellom skolen og verksemda til Den norske kyrkja utydeleg. Forbundet foreslår at høvet til å halde konfirmasjonsopplæring i skolen si tid blir teke heilt ut av kyrkjelova.

4.3 Departementet si vurdering

Etter departementet si vurdering gjer spreidd busetnad og store avstandar det enkelte stader nødvendig å leggje konfirmasjonsopplæringa til skolen si tid, m.a. for å kunne bruke skoleskyssen. Det er også til vanleg stor semje lokalt om å bruke skolen si tid til slik opplæring der dette er aktuelt. I tillegg er det grunn til å leggje vekt på at å avvikle ordninga vil kunne gå ut over grupper med spesielle behov. Oslo biskop finn det til dømes uheldig å miste høvet til å samordne konfirmasjonsopplæringa med døveskolane. Biskopen viser til at desse skolane

har ein elevmasse som ofte bur spreidd, og at ein ikkje kan rekne med at elevane har klassevener i sitt eige nærmiljø eller at dei kan få tilrettelagd konfirmasjonsopplæring i den kyrkjelyden der dei er busette. Konfirmasjonsopplæring særskilt tilrettelagd for utviklingshemma blir også nemnt i denne samanhengen.

Departementet vil også vise til at konfirmasjonsopplæring i skolen si tid trass i alt er eit avgrensa fenomen, sett på landsbasis. I dei tilfella der det er aktuelt, tykkjer grunngivinga stort sett å vere god. Departementet meiner derfor at det framleis bør kunne givast samtykke til å bruke skolen si tid til konfirmasjonsopplæring, men at det i lova bør presiserast eit krav om særlege grunnar.

Ordninga i dag, der biskopen og statens utdanningsdirektør (nå: fylkesmannen), eventuelt departementet, tek avgjerd ved usemje, foreslår ein ikkje vidareført. Dette vil seie at den kommunen det gjeld, tek endeleg avgjerd i spørsmålet om konfirmasjonsopplæring skal leggjast til skolen si tid.

Søknad om å leggje konfirmasjonsopplæring til skolen si tid bør normalt fremjast av den som har hovudansvaret for opplæringa. Inntil vidare vil dette dei fleste stadar i praksis vere soknepresten i samråd med soknerådet.

Departementet legg til grunn at Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn skal behandlast likt. Dette går også fram av forskrift til opplæringslova § 1–6, der det heiter:

«Når det blir brukt av skolen si tid til konfirmantundervisning etter kirkelova § 36, skal dei timane som fell bort, delast på alle faga i skolen. Andre trus- og livssynssamfunn har den same retten til å bruke av skolen si tid som Den norske kyrkja.»

5 Trusopplæring i skolefritidsordninga

I arbeidet med trusopplæringsreforma har departementet, i samsvar med Stortinget sin føresetnad, lagt til grunn at trusopplæring ikkje skal gjennomførast i opningstida for skolefritidsordninga. Eit absolutt forbod mot alle former for trusopplæring så lenge skolefritidsordninga held ope, ville likevel – om stortingsvedtaket skulle tolkast bokstaveleg – av både rettslege og praktiske grunnar vere svært problematisk.

Departementet ser det som viktig å finne løysingar som kjem heimane i møte, samtidig som ein er tydeleg på at trusopplæring er eit ansvar for vedkomande trussamfunn. Dei ulike prinsipielle og praktiske omsyn som gjeld i spørsmålet om å tillate trusopplæring innafor ramma av skolefritidsordninga, vil variere i relevans og vekt mellom ulike lokalsamfunn. Departementet meiner difor at lokale løysingar best vil kunne dekkje ulike behov. Den enkelte kommunen bør difor, etter departementet si vurdering, kunne samtykkje i at trusopplæring inngår i skolefritidsordninga, og i tilfelle avgjere i kva omfang dette skal skje. Slik samtykke bør også kunne givast til trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja.

I høyingsbrevet om endring av kyrkjelova § 36 bad departementet på denne bakgrunn også om synspunkt på eit forslag om å lovfeste at kommunen kan samtykkje i at trusopplæring inngår i skolefritidsordninga.

I høyingsbrevet om endring av kyrkjelova § 36 bad departementet på denne bakgrunn også om synspunkt på eit forslag om å lovfeste at kommunen kan samtykkje i at trusopplæring inngår i skolefritidsordninga.

Kyrkerådet uttaler i høyingsfråsegna mellom anna dette:

«Høyingsbrevet tar utgangspunkt i Stortingets debatt omkring forholdet mellom trosopplæring og skolefritidsordningen (SFO) og vedtaket om at trosopplæring ikke skal «gjennomføres i åpningstiden for skolefritidsordningen». For Kirkerådet synes det noe uklart hvordan Stortingets vedtak skal tolkes. Kirkerådet oppfatter det som prinsipielt svært problematisk dersom vedtaket etablerer en generell sperre for trosopplæring i tidsrommet hvor kommunen har et tilbud om SFO, enten det skjer med en eller annen form for tilknytning til SFO eller ikke. Dette må i tilfelle vurderes grundig opp mot, og Kirkerådet ser det som prinsipielt problematisk i forhold til, folkerettslige forpliktelser og menneskerettigheter (foreldrerett, religionsfrihet, organisasjonsfrihet m.v.), jf. blant annet menneskerettsloven fra 1999. Hvem som helst, også Den norske kirke, må kunne tilby organiserte aktiviteter, trosopplæring inkludert, for barn og unge i tidsrommet for SFO.»

Kyrkerådet meiner elles at sjølv om stortingsvedtaket i utgangspunktet stengjer for at trusopplæring kan inngå i sjølve SFO-tilboden, vil det vere mogleg å finne lokale tilpassingar innafor rammene av opplæringslova § 13–7. På denne bakgrunn ser Kyrkerådet helst at forholdet mellom skolefritidsordninga og trusopplæringa ikkje blir regulert i kyrkjelova.

Departementet viser til dette og legg til grunn at stortingsvedtaket om trusopplæringa og skolefritidsordninga skal tolkast slik Kyrkerådet har forstått det. På denne bakgrunn vil departementet ikkje foresla lovendring.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om å gi ein representant for døvekyrkjelydane plass i Oslo bispedømeråd vil føre til auka møteutgifter for bispedømerådet og Kyrkjemøtet, men korkje dette eller andre delar av lovforslaget vil ha vesentlege økonomiske konsekvensar for staten.

For Kyrkjerådet vil lovforslaget om forsøksverksemde kunne medføre ein del ekstra administrativt arbeid, men dette er likevel så avgrensa at Kyrkjerådet må kunne handtere det innanfor ramma av ordinær tildeling av budsjettmidlar.

Departementet legg elles til grunn at dersom ein ønskjer å setje i verk forsøk som har økonomiske konsekvensar for kommunar, må dei finansielle sidene ved forsøket vere avklarte før forsøket blir sett i verk.

Etter kyrkjelova § 15 første ledd bokstav e har kommunen plikt til å dekkje utgifter til lokale for konfirmasjonsopplæring. Dersom det enkelte stader må skaffast alternativt lokale til skolen, vil det etter tilhøva kunne føre til auka utgifter, men ikkje i særleg omfang.

7 Merknader til dei enkelte føresegnene

Til § 23 første ledd og andre ledd

Endringa gir døvekyrkjelydane i Den norske kyrkja rett til å velje ein representant til Oslo bispedømeråd. Representanten må vere lek og ikkje tilsett i kyrkjeleg stilling, og vil i samsvar med kyrkjelova § 23 første ledd òg bli medlem av Kyrkjemøtet. Endringa i § 23 andre ledd inneber at Kyrkjemøtet kan fastsetje nærmere reglar om korleis valet skal gå føre seg, om kven som kan stemme, og om kven som kan veljast.

Til § 24 nytt sjette og sjuande ledd

Sjette ledd gir Kyrkjemøtet mynde til å godkjenne forsøk med valkyrkjelydar som sjølv finansierer verksemda. Ein valkyrkjelyd går på tvers av den geografiske soknestrukturen. Ingen kan bli medlem av ein valkyrkjelyd utan sjølv å vilje det. Det blir opp til Kyrkjemøtet å fastsetje nærmere vilkår for forsøka, mellom anna om kva organ valkyrkjelyden skal ha, om valkyrkjelyden skal vere representert i

kyrkjeleg fellesråd, og om kva tilhøve det skal vere mellom valkyrkjelyden og bispedømerådet.

Sjuande ledd gir Kyrkjemøtet mynde til å godkjenne forsøk som inneber avvik frå §§ 4, 6, 12 og 23 i kyrkjelova.

Som ledd i forsøksverksemde vil det etter forslaget utan hinder av kyrkjelova § 4 første ledd kunne givast kyrkjeleg stemmerett til 17-, 16- eller 15-åringer. Slike forsøk kan ikkje omfatte endringar i aldersgrensa for å kunne veljast. Det vil med andre ord framleis vere slik at ingen kan veljast som medlem av lovfesta kyrkjeleg organ (sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, bispedømeråd, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet) før det året ein fyller 18 år. Unge under 18 år kan likevel veljast eller oppnemast som medlem av andre råd, utval og komitear.

Medan det etter kyrkjelova § 12 første ledd bokstav a er sokneråda som vel medlemer til kyrkjeleg fellesråd, vil forsøk med direkte val til kyrkjeleg fellesråd innebere at alle i vedkomande kommune som har kyrkjeleg stemmerett, kan ta del i valet. Direkte val til kyrkjeleg fellesråd kan òg innebere at personar vil kunne veljast til fellesrådet utan også å vere medlem av eit sokneråd. Tilsvarande vil også direkte val til bispedømeråd innebere at andre enn soknerådsmedlemer kan veljast. Sjølv om forslaget gir opning for at direkte val kan skje i møte, legg departementet til grunn at urneval vil vere mest i pakt med demokratiske omsyn.

Til § 36

Paragrafen gjeld bruk av skolen si tid til konfirmasjonsopplæring. Føresetnaden for at kommunen kan gi samtykke, er at det ligg føre særlege grunnar. Tilrettelagd konfirmasjonsopplæring for utviklingshemma og for elevar ved døveskolar og andre spesialskolar vil kunne vere døme på slike særlege grunnar. Andre døme kan vere spreidd busetnad, lange avstandar, behov for skoleskyss og lokale eller geografiske tilhøve elles. Hovudregelen er at konfirmasjonsopplæringa skal gå føre seg utanfor skolen si tid.

Av og til blir det brukt heile eller halve skoledagar til konfirmasjonsopplæring eit fastsett tal gonger i året. I somme kommunar blir det òg nytta to timer annakvar veke gjennom heile skoleåret. For å kunne godta dette heiter det i lovforslaget at det kan nyttast eit timetal tilsvarande to timer i veka dersom opplæringa varer eit halvt skoleår, og éin time i veka dersom opplæringa varer lengre enn eit halvt skoleår.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke

I

Lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke blir endra slik:

§ 23 første ledd ny bokstav f skal lyde:

- f) *en representant fra døvemenighetene i Oslo bispedømmeråd.*

§ 23 annet ledd annet punktum skal lyde:

Kirkemøtet gir nærmere regler om valget, herunder regler som presiserer hvem som er stemmeberettiget og valgbar etter første ledd bokstavene b, c, d, e og f.

§ 24 nytt sjette og sjuande ledd skal lyde:

Kirkemøtet kan godkjenne forsøk med valgmenigheter som selv finansierer sin virksomhet. Nærmere vilkår for det enkelte forsøk fastsettes av Kirkemøtet.

Kirkemøtet kan uten hinder av bestemmelsene i loven her godkjenne forsøk med stemmeretsalder ned til 15 år, valgperiode på to år og direkte valg til kirkelig fellesråd og bispedømmeråd. Nærmere vilkår for det enkelte forsøk fastsettes av Kirkemøtet.

§ 36 skal lyde:

Når særlige grunner tilskjer det, kan kommunen samtykke i at konfirmasjonsopplæring skal legges til skolens tid, og i tilfelle bestemme hvilke timer som skal nytes til opplæringen. Det kan anvendes et tids-tall tilsvarende to timer ukentlig dersom opplæringen varer et halvt skoleår, og én time ukentlig dersom opplæringen varer lenger enn et halvt skoleår.

II

Lova gjeld frå det tidspunkt Kongen fastset.





Trykk A/S O. Fredr. Arnesen. Desember 2004

241.01